



Kålås Bygg As
Torvhusmyrane 2
5913 Eikangervåg

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/8350 - 22/96444

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
19.12.2022

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 10/16 Rødland

Tiltak: Oppretting av ny grunneigedom
Byggjestad: Gbnr 10/16
Tiltakshavar: Jan Rune Hosøy etter fullmakt
Ansvarleg sækjar: Kålås Bygg AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 21.11.2022.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Krav om matrikulering er ikkje underskriven av Jan Rune Hosøy. Dette må ordnast før eventuell oppmålingsforretning vert halden.
2. I følgjebrev til søknaden er oppgjeve kva for arealformålsområde som skal inngå i den nye grunneigedom. Her er teke med BUN3. Dette er ein frådelt tomt som no er del av gbnr 10/60. I følgje situasjonsplanen vedlagt søknaden er ikkje BUN3 med i omsøkt areal. Me går ut frå at BUN3 ikkje skal vera med, men treng ei stadfesting på om dette er rett oppfatta.
3. Det er i søknaden skrive at bygningen ikkje skal ha innlagt vatn. Men i søknad om rammeløyve for oppføring av 5 rorbuer innanfor aktuelt område går det fram at desse skal ha innlagt vatn frå privat brønn. Om brønn og vassleidning ligg utanfor omsøkt areal må det leggjast fram erklæring om rett i fast eigedom for brønn og vassleidning. Erklæring må leggjast fram seinast samstundes som eventuell oppmålingsforretning.
4. Det må leggjast fram erklæring om vegrett for den nye grunneigedom i f_SV2 og f_SV5 hhv. I gbnr 10/16 og gbnr 11/91. Erklæring må leggjast fram seinast samstundes som eventuell oppmålingsforretning.
5. Punkt 6.1.7 i føresegnene til reguleringsplanen må avklarast opp mot søknaden: «6.1.7 f_SV1 går inn i hovudbruket 10/16»

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 31.01.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kålås Bygg As

Torvhusmyrane 2

5913

Eikangervåg